

GULROT PÅ MYRJORD

Av myrkonsulent Hans Hagerup.

REINT álment kan ein segja at ved val av kulturvekster på myrjord står ein ikkje så fritt som på fastmarksjord under elles like tilhøve. Grunnane hertil kan vera ymse. På den andre sida viser det seg at enkelte vekster høver betre på myrjord enn på ymse fastmarksjorder, og meiner då betre myrar, slike som gras- og starrmyrene og betre mosehaldige myrar (såkalla overgangsmyr). Ein av desse vekster er gulrot. Med den røynsle vi har med dyrkinga av denne vekst ved Det norske myrselskaps forsøksgard på Mæresmyra har gulrota gitt gode avlinger, både i mengd og kvalitet, og den har heller ikkje vore utsett for sjukdomar eller skadeinsekter som i nemnande grad har verka nedsetjande på avlingsresultatet.

I denne stutte artikkel skal eg nemne litt om forsøk og røynsler med såtid og prøving av enkelte sortar. Heilt frå forsøksarbeidet tok til på Mæresmyra i 1907 har gulrot vore dyrka. I årsmeldinga frå 1922 er gjort greie for resultatene til den tid. Her skal berre takast med resultater etter 1922.

Gulrota krev mykje arbeid for at resultatet skal bli så godt som mogleg, arbeid med tynning og reinhald. Det vanlege er å ta rotvokster i skifte mellom to kornavlinger for skuld ugraset. Det er mykje om å gjera at gulrota vert sådd i mest mogleg ugrasrein jord, og difor har vi i dei seinare år prøvd å dyrka den på ompløgd voll, og det har gått bra. Men fri ugraset har vi ikkje vore der heller. Vassarve (*Stellaria media*), som er så lei på myrjorda, vil gjerne innfinna seg, og etter eldre eng vil og grasarter koma; det er difor bra å pløya djupt. Vi har som regel brukta berre kunstgjødsel til gulrota, då dyregjødsla ofte fører mykje ugras med seg. Gjødslinga pr. dekar har vore:

30 kg superfosfat

50 kg 40 % kalisalt

10 til 30 kg salpeter, alt etter moldingsgraden av myra.

Både i prøvene med såtid og sortar er brukt såing på drill (rygg) med 2 sårader på denne med ca. 10 cm avstand. Det kan vera ymse meininger om denne måten, men det skal eg ikkje koma inn på her. Mellomrommet for ryggane har vore 60 cm. Under arbeidina i åkeren må ein leggja vekt på å få jorda godt inntil planten, så rottoppen ikkje vert for snau. Dette av to grunnar: ein må prøve å unngå at toppen vert for mykje grøn, det sett kvaliteten ned, og dessutan vil jorda verne rota mot frost, som gjerne vil innfinna seg utover hausten. Noko frost tåler gulrota utan å ta skade, men sterke og ofte gjentekne frost skader så ho ikkje vert så lagningssterk.

Såtidsforsøka viser at ein vinn mykje i avling ved å så tidleg, kvaliteten vil og som oftest verta betre. Avlingane kan svinga mykje frå år til år, men i dei 10 åra såtidsforsøka har gått viser alle

største avling etter tidlegaste såing. Det er prøvd 3 såtider, datoer kan ha svinga litt, men mellom såtidene har vore 12 à 14 dagar. Første såtid har vore 6. mai (1927) til 12. mai (1924), andre såtid 20. til 24. mai og tridje såtid 3. til 6. juni.

Avlinga av røter har i medel for 10-årsbolken (1923—32) vore pr. dekar:

Første såtid 4,386 kg.

Andre såtid 3,772 » eller 614 kg mindre enn første såtid.

Tridje såtid 3,123 » eller 1,263 kg mindre enn første såtid.

Det er sorten Nantes som er brukt i desse forsøka dei fleste åra, enkelte år Chantenay. Av desse tal går fram at det er vunne ganske mykje i avling ved tidleg såing. Ved den tidlegaste såtid har telen sjeldan vore ute av jorda, men den har likevel vore bra å arbeida. Heller ikkje har det vore mykje stokkrenning, slik som t. d. hos neppene dersom dei vert sådde i rå og kald jord. Såtidsforsøka har alle åra vore lagt på jord hvor det føreåt var dyrka korn.

Det vil sjølvsgart vera ymse vanskar ved den tidlege såinga. Gulrota treng lang tid til å spira og lenger tid di tidlegare den vert sådd, fordi jorda då er lite oppvarma. I denne spiringstida vil ugraset lett kunne ta overhand dersom ein ikkje passar på. Noko raskare spiring kan ein få ved bløyting av frøet forut, dvs. på ein slik måte at frøet er kome eit stykke på veg med spiringa før det vert lagt i jorda.

Av ulike gulrotsortar er prøvd fleire ut gjennom åra. Her skal eg berre nemne avlingstal for ymse sortar som har vore dyrka gjennom lengre tid og som vanleg vert dyrka til mat.

Kg røter pr. dekar:

Nantes (halvlang)	4,859 (medel for 14 år)
Guerande	4,524 (» » 11 »)
Feonia	4,391 (» » 12 »)
Stutte forbetra driv	4,310 (» » 9 »)
Chantenay	4,016 (» » 14 »)

Desse avlingtal kan ikkje heilt samanliknast, då sortene ikkje har vore dyrka i like mange år; berre Nantes og Chantenay har vore dyrka dei same åra. Likevel gir avlingstala eit bilet av sortsskilnaden. Den kjente sorten Nantes har vore best. Det er ein sers god sort med fine, gode røter. Dei tala som her er nemnt gjeld totalavlinga. Som ein kan skyna har det vore ein del avfall på grunn av sprekking og greinete røter, og dette kan år om anna ha utgjort 10 à 15 %. Likevel vert det ein god slump att. Nantes, Feonia og Stutte driv er av dei her nemnde best kvalitativt sett, Chantenay og Guerande er grovare, men er halden for å vera betre å lagra, serleg den første. Guerande og Stutte driv er tidlege sortar som bør haustes i god tid i sers drivande år, skal det ikkje verta for mykje avfall ved sprekking av rota.

Gjennom så lang tid som 14 år har avlingene svinga mykje. I år

med liten somarvarme har avlingene vorte små. Eit av dei därlegaste åra var 1928 med sers kald veksttid; då var rotavlingane av Nantes og Chantenay berre ca. 2,000 kg pr. dekar, medan i 1930, som var eit sers turt år, men godt med varme, gav dei same sortar 7,739 og 6,338 kg røter. Godt med varme i veksttida er av stort verd for rotavlinga, når det berre ikkje vert for turt; men det er sjeldan det vil inntrefte på slik jord som her.

Förgulrøtene Champion og White Belgian har ikkje under tilhøva her gitt så stor rotmengd som dei beste matrøter, derimot har bladavlinga vore større.

Av det som er nemnd vil gå fram at gulrota har gitt tilfredsstilande avlinger på myrjord. Ved val av rett sort og såing i rett tid og godt stell elles vil avlingene som oftast verta både store og årsikre, og det er sers verdfullt. På mosemyr eller sterkt mosehaldig myr vil ein ikkje kunna få så store avlinger som på grasmyr.

Gulrottdyrkinga har gått mykje fram i den seinare tid, og grunnen hertil er vel mykje den at folk er vorte meir kjent med dyrkinga av denne vekst, som rettnok gir mykje arbeid, men og vert bra betalt, serleg når ein kan lagre rota ei tid utover vinteren. Bruken av gulrot har og auka sterkt, og vert mykje brukt som føde utan større førebuingasarbeid (räkost). Det ser også ut til at folk nyttar myrjorda til dyrking av gulrot meir og meir, fordi den viser seg å høve godt der; og har ein val mellom ymse jordslag på ein gard, så bør gulrota dyrkast på den betre myra eller på moldrik jord. Ymse fastmarksjorder er og bra til gulrot, t. d. sandjord, men på fastmark syner det seg at den vert lettare skadd av insekter enn på myrjord (gulrotfluga). Vi kan ikkje segja at plantesjukdomar har gjort nemnande skade på våre gulrottdyrkingar.

STATENS TORVLÅNEFOND

LITT HISTORIKK M. V.

*Av overrettssakfører, sekretær i Landbruksdepartementet,
Per Odd Schiefloe.*

KOMMENDE sommer vil «Torvlånefondet» kunne feire 25-års jubileum. Samtidig er det nå rent plutselig kommet i vinden. Etter en mangeårig dauperiode ble det i vår stor etterspørsel etter lån — på samme vis som i fondets første år.

Et oversyn over fondets historie, utlånsreglene og utlånsvirksomheten kan derfor kanskje sies å være såpass aktuelle ting at en kan forsøre å ta opp plass i tidsskriftet med det.

Fondet ble, som så mange andre ting som har fått blivende verd, til som et krisetiltak.